



Statens vegvesen

Notat

Til: Sogn veg v/Asbjørn Røneid
Fra: Vegteknisk v/ Svein Helge Frækaland
Kopi: Sogn veg v/Rune Dvergsdal

Saksbehandler/innvalgsnr:
Svein Helge Frækaland - 57655
Vår dato: 25.03.2008
Vår referanse: 2004/034738-053

Rv53 Tyin – Årdal, snøskred ved Jåteli, 21-3-2008, vurdering av situasjon

Mottok oppdrag frå Asbjørn Røneid, 21-3-2008 kl 13.15. Avtalte med brøytesjåfør Vidar Odden, Mesta, synfaring saman med brøytesjåfør Magne Hagen, Mesta, 22-3-2008 frå Årdal-sida.

Situasjon

Snøraset hadde gått 21.mars i løpet av føremiddagen. Vegen var stengd ved Tyin p.g.a. oppryddingsarbeid og det var ikkje sannsynleg at det var personar eller køyretøy i skreda. I telefonsamtale med brøytesjåfør Vidar Odden fredag opplyste han at det hadde vore og var fremdeles sterk austavind, kaldt og snøver i området. Ein tilrådte då å utsetja vurdering og ev. arbeid med opninga av vegen til dagen etter då vinden skulle avta vesentleg iflg. Metogrammet.

Synfaring starta i området laurdag 22.mars kl 10.30. Det viste seg at det hadde gått tre mindre snøskred i området, eit i austenden av tunnelen Jåteli I og eit i kvar av dei to elveløpa nedanfor overbygget, sjå foto 1-5. Løsneområdet for alle skreda var léhenget like under snøskavlane i toppen av bratthenget i ca. 900 meter høgde. Alle skreda hadde stansa i vegområdet ca. 400 høgdemeter nedanfor. Sannsynleg årsak til skreda er snøvêr og kraftig vind frå aust. Løsneområda er relativt små flater ca. 500 m². Ein såg ikkje mulege nye større løsneområder eller flakskredområder. Lauvtrevegetasjonen i området er ikkje prega av skredløp. Eventuelt kan det koma mindre snømengder i same skredløp og av den grunn tilrådte ein vakthold ved ryddingsarbeidet. Metogrammet viste omtrent vindstille denne dagen og dagen etter.

Tilråding:

Opning av skreda med vakthold kunne starta ca. kl 11.30.




Foto 1: Rv.53, Jåteli, snøskred 21-3-2008, oversikt




Foto 2: Rv.53, Jåteli, snøskred 21-3-2008, km 18,020



Foto 3: Rv.53, Jåteli, snøskred 21-3-2008, Øynajuvbekken km 17,800



Foto 4: Rv.53, Jåteli, snøskred 21-3-2008, tunnel Jåteli I aust km 17,509




Foto 5: Rv.53, Jåteli, snøskred 21-3-2008, tunnel Jåteli I aust km 17,509